

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep

0032 OSLO

Vår ref.
16/131-3

Dykkar ref.

Arkiv
K2-P00

Dato:
25.01.2016

Havbruksfond - fråsegn frå Askvoll kommune

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre er positive til at det no vert etablert eit eige havbruksfond der ein monaleg del av inntektene frå betaling for oppdrettskonsesjonar (laks, aure og sjøaure) vert utbetalt til havbrukskommunane. Kommunestyret meiner også at ei fordeling av utbetalingane frå fondet med 20% til staten, 10% til fylkeskommunane og 70% til oppdrettskommunane kan vere rimeleg ut frå kostnader med forvaltning, planarbeid og arealbindingar som næringa medfører i den einskilde kommune.

Utbetalingane må omfatte alle havbrukskommunar og fordelast etter kommunen sin del av samla Maksimal Tillatt Biomasse på lokalitetsnivå i landet. Lokalitets-MTB er den klarerte miljømessige bereevne på ein lokalitet. For å stimulere tilrettelegging av nye lokalitetar, bør ny godkjend lokalitets-MTB telje dobbelt i første konsesjonsrunde etter godkjenning og deretter konverterast til vanleg MTB-lokalitet ved seinare konsesjonsrundar.

Askvoll kommune meiner vidare at det mest rasjonelle må vere å opprette eit felles nasjonalt fond der pengane vert utbetalte til kommunane etter kvar konsesjonsrunde. Det vil ikkje vere behov for å nytte statlege ressursar til eit utjammingsfond så lenge kommunane sjølve kan avsette fondsmidlar på renteberande konto og justere sine årlege driftsbudsjett i samsvar med dette.

20.01.2016 KOMITÉ PLAN, NÆRING, MILJØ OG TEKNIKK

Røysting-samrøystes:

Komiteén er samd i rådmannen sitt framlegg.

PNT-004/16 TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Saksordførar: Harriet Norstrand.

20.01.2016 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Komité for plan, næring, miljø og teknikk si tilråding vart vedteken.

KOM-005/16 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre er positive til at det no vert etablert eit eige havbruksfond der ein monaleg del av inntektene frå betaling for oppdrettskonsesjonar (laks, aure og sjøaure) vert utbetalt til havbrukskommunane. Kommunestyret meiner også at ei fordeling av utbetalingane frå fondet med 20% til staten, 10% til fylkeskommunane og 70% til oppdrettskommunane kan vere rimeleg ut frå kostnader med forvaltning, planarbeid og arealbindingar som næringa medfører i den einskilde kommune.

Utbetalingane må omfatte alle havbrukskommunar og fordelast etter kommunen sin del av samla Maksimal Tillatt Biomasse på lokalitetsnivå i landet. Lokalitets-MTB er den klarerte miljømessige bereevne på ein lokalitet. For å stimulere tilrettelegging av nye lokalitetar, bør ny godkjend lokalitets-MTB telje dobbelt i første konsesjonsrunde etter godkjenning og deretter konverterast til vanleg MTB-lokalitet ved seinare konsesjonsrundar.

Askvoll kommune meiner vidare at det mest rasjonelle må vere å opprette eit felles nasjonalt fond der pengane vert utbetalte til kommunane etter kvar konsesjonsrunde. Det vil ikkje vere behov for å nytte statlege ressursar til eit utjanningsfond så lenge kommunane sjølve kan avsette fondsmidlar på renteberande konto og justere sine årlege driftsbudsjett i samsvar med dette.

Med helsing

Håkon Loftheim
rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03

Brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert..

